



Eldbjørg Bakke  
Veråsvegen 586  
5955 Lindås

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3351 - 22/93488

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
07.12.2022

## **Ber om tilbakemelding om avløpstilhøva på eigedomen din - gbnr 114/10 Verås**

**Tiltak:** avvik slamavskiljar  
**Byggjestad:** Gbnr 114/10  
**Tiltakshavar:** Eldbjørg Bakke

Alver kommune har den 21.04.2022 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning av slamavskiljar den 20.04.2022 vart registrert lågt nivå, truleg lekkasje mellom ringane.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga.

### **Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 31.03.2023.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg/dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du/de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at du/de ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du/de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du/de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du/de sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du/de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Avviksmelding med bilete frå Norva24 AS er vedlagt.

Skjema sender du/de til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller

- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensingslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følger av forurensingsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensingsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følger av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune  
Melding om avvik i tank - gbnr 114/10 Verås  
bilde 1

**Mottakarar:**

Eldbjørg Bakke

Veråsvegen 586

5955 Lindås